

1 Program for nynorsk i lærarutdanningane

2 1. Innleiing

3 For å sikre god opplæring i både nynorsk og bokmål, attpå gode haldningar til nynorsken hjå lærarar og elevar, er ein
4 avhengig av ei god lærarutdanning. Språkleg trygge lærarar er nøkkelen til å skape språkleg trygge elevar med gode
5 haldningar til norsk språk. Alle lærarar skal vere språklærarar og treng difor god kompetanse i begge skriftspråka. Dei
6 som arbeider i denne profesjonen skal kunne undervise elevar med nynorsk som både hovudmål og sidemål,
7 uansett kvar i landet det måtte vere.

8 2. Tyngda til norskfaget

9 Norskfaget skal vere eit sentralt fag for danning, kulturforståing, kommunikasjon og identitetsutvikling. Det vil seie at
10 norskfaget handlar om meir enn berre å kunne lese og skrive, og faget har eit langt større mål enn andre skulefag. Med
11 dette som grunnlag kan me skilje norsklærarstudentar og andre lærarstudentar, ettersom norsklærarane har
12 hovudansvaret for både hovudmåls- og sidemålsundervisning hos elevane.

13 2.1 Norsklærarstudentar

14 Sjølv om alle lærarar er språklærarar, har norsklærarane eit særleg ansvar for sidemålsopplæringa.
15 Utdanningsinstitusjonane går ut ifrå at studentane har kompetansen dei treng i både nynorsk og bokmål, men dette
16 stemmer ikkje nødvendigvis. I mange tilfelle har lærarstudentane hatt nynorsk som sidemål, og har diverre ikkje
17 kompetansen dei treng for å lære bort nynorsk, som igjen fører til at neste generasjon norsklærarar heller ikkje meistrar
18 språket. Denne vonde sirkelen må løysast opp. Norsk Målungdom krev at utdanningsinstitusjonane tek ansvar for dette.

19 I tillegg til den reint språklege kompetansen treng dei komande norsklærarane opplæring i sidemålsdidaktikk, slik at
20 elevane får god opplæring i sidemålet sitt. God kunnskap om korleis ein lærer bort er sentralt for at sidemålsordninga
21 skal fungere. I samband med dette er det viktig å hugse på at nynorsk ikkje er det einaste sidemålet, sjølv om det
22 kanskje er nynorsk som sidemål som er vanskelegast for elevane.

23 2.2 Andre lærarstudentar

24 Av Kunnskapsløftet følgjer det at språkleg vurdering skal vere ein del av karaktergrunnlaget i alle fag. For at dette skal
25 vere mogleg må alle lærarar kunne både nynorsk og bokmål. Det er spesielt viktig at lærarar som ikkje har norsk i
26 fagkrinsen kan korrekt terminologi i sitt fag på bae skriftspråka. Norsk Målungdom meiner ansvaret ligg hos
27 utdanningsinstitusjonane, både å sikre at studentane kan språket godt nok, og samtidig at dei har god kjennskap til og
28 forståing for kva det vil seie at Noreg har to skriftspråk.

29 3. Dei ulike lærarutdanningane

30 Det er mange måtar å verte lærar på, og me treng mange ulike typar lærarar. Felles for alle er at dei må bruke språk i
31 møte med elevar og barnehageborn. Det gjeld uansett om borna er eller vert nynorsk- eller bokmålslevar. Det vil seie at
32 utdanningsinstitusjonane må sikre at studentane får den kompetansen dei treng for å gjennomføre jobben sin. Norsk
33 Målungdom meiner at alle lærarar må kunne skrive både nynorsk og bokmål, ha kunnskap om den norske
34 skriftspråksituasjonen, nynorskdidaktikk og elevane sine språklege rettar. For å oppnå dette må
35 utdanningsinstitusjonane formidle gode språkhaldningar og sørge for at studentane får høve til å lære og halde ved like
36 språket. Dette kan dei til dømes sikre ved å halde nynorsk kurs, bruke nynorsk i undervisninga og ha språkdelte
37 arbeidskrav.

38 3.1 Barnehagelærarutdanning

39 Dei første stega av språkopplæringa tek ein allereie i barnehagen. Difor er det viktig at barnehagelærarar kan syne fram
40 det norske språkmangfaldet. Dette gjeld særleg dei norske skriftspråka nynorsk og bokmål, og det er
41 utdanningsinstitusjonane sitt ansvar at barnehagelærarstudentane får denne kompetansen. Forsking syner at
42 barnehageborn lærer best gjennom leik, rim og rytme, og dette er eit glimrande høve til å dra språklæring inn i
43 barnehagekvardagen. Det bør også ligge i rammeplanen for barnehagen at ungane skal få kjennskap til det skriftspråket
44 dei skal lære seg når dei startar på skulen.

45 3.2 Lærarutdanning for småtrinnet

46 Det neste steget i språklæringa skal barneskulelærarane stå for. Det er desse som skal lære elevane å lese og skrive.
47 Sidan me i Noreg har to skriftspråk, er det viktig at barneskulelærarane meistrar bae desse, slik at alle elevar får god
48 opplæring på eige hovudmål. På barneskulen har elevane rett til undervisning på hovudmålet sitt, og dersom læraren
49 skal ha reell sjanse til å jobbe kvar som helst i landet, bør framtidige lærarar kunne både bokmål og nynorsk

50 skikkeleg.

51 Dessutan er det viktig at elevane på barneskulen, nett som barnehagebarna, får verte kjende med både nynorsk og
52 bokmål uavhengig av kvar i landet dei bur. Me veit at ein lærer språk betre når ein er ung, noko barneskulelærarane har
53 ansvar for. Difor er det viktig at grunnskulelærarutdanninga sørgjer for at barneskulelærarstudentane er godt budde på
54 det.

55 2.3 Lærarutdanning for mellomtrinnet og ungdomsskolen

56 På mellom- og ungdomsskuletrinnet møter elevane nynorsk på nye måtar, og i nye situasjonar. For mange vert dette
57 første møte med nynorsk som sidemål. Difor er det viktig at lærarane kan formidle kunnskap om den norske språkstoda
58 og formidle gode språkhaldningar til elevane. Det er òg viktig at elevane får eksperimentere med nynorskskriving
59 allereie på barnetrinnet, slik at bokmålselevar kan få eit godt forhold til sidemålet sitt fritt frå karakterpress. Slik kan alle,
60 både hovudmåls- og sidemålselevar, få høve til å utvikle ein eigen nynorskidentitet. Ein kompetent lærar legg til rette for
61 dette.

62 Det er ikkje berre norsklærarane som har dette ansvaret. Å bruke nynorsk i andre fag enn norsk er eit gode for
63 norskopplæringa. Fordi alle lærarar er språklærarar krev Norsk Målungdom at alle som tek denne typen utdanning, også
64 dei som ikkje har norsk i fagkrinsen, skal ha norskundervisning på høgskulenivå. Det er naudsynt for å sikre at dei kan
65 undervise på både dei norske språka, og for å kunne gje god undervisning til elevane uansett kva hovudmål dei har. I både
66 grunnskulelærarutdanningane er det no slik at lærarstudentar som har hatt fritak frå sidemål på vidaregåande òg kan få
67 fritak i høgare utdanning med mindre dei har fagleg fordjuping i norsk. Dette går utover elevane, og det kan me ikkje
68 godta.

69 3.4 Lektorutdanning og praktisk-pedagogisk utdanning

70 Lektorutdanninga gjev ei anna fagleg fordjuping enn andre lærarutdanningar. Eit fleirtal av lektorane kjem ikkje til å ha
71 norsk som undervisningsfag, men det er likevel viktig å sikre at dei har kompetanse i både nynorsk og bokmål.
72 Utdanningsinstitusjonen må kartlegge korleis studentane gjer det og tilby kurs til dei studentane som treng det. Anten
73 studentane følgjer eit lektorløp eller om dei tek praktisk-pedagogisk utdanning, er det viktig at dei får god opplæring i
74 norsk språkføring, særleg nynorsk. Det må vere synleg for framtidige arbeidsgjevarar kva språkkompetanse studentane
75 har.

76 3.5 Etter- og vidareutdanning

77 Sidan mange lærarar i dag ikkje har god nok kunnskap i nynorsk og i nynorskdidaktikk, må det kome etterutdanningar
78 som kan ordne opp i dette. Både elevane som har nynorsk som hovudmål og elevane som har nynorsk som sidemål
79 fortener kompetente lærarar som kan gje dei den kunnskapen dei har krav på.